# VARHAUG BU'EN

NBU

Lokal-lagsavis utgitt av
Varhaug BU og Svala 4H
Oktober 1994

## Lederskifte i Varhaug BU



*Hanne Elise Undheim overlatter klubben til Roy Arnfinn Haaland.*

**Varhaug BU har lagt slagplanen for året**

side 5

**Knall og fall på sommersprellen**

side 7-8

Hugs!
Haustfesten
28. Oktober



# Lederen har ordet

Nå æ me igang igjen og klare for et nytt BU år. Dette året har me fått mæ en del nye folk i styret, og dæ ser me på så positivt. I dæ æg skrive dette så he me ikkje kome skikkele igang, me he hatt ett styremøte og ellers skal me dra på styrekonferanse å legga opp slagplanen for komande år, noge som æ den desidert viktigaste oppgavå te VBU. Ittepå så sende me heile styre-gjengen te Haugesund på haustkurs, som RBU styrer. Der ska gjengen i styret få inspirasjon å glød til å fortsetta arbeidet sitt.

Ligavel æ dæ ikkje så møje meir å sei enn atta æg håper dere vil få ett fint BU år, med mange og varierte aktiviteter. Er det noge dere medlemmer savner av aktiviteter eller kurs, tips en av oss i styret, og vi vil se hva vi kan få ut av saken ! Ha et godt BU år !

Roy Arnfinn Haaland



## En hilsen fra Roy Henning Ånestad



**Hei Godt folk!!**

Ja nå er endelig sommeren slutt, og vi kan se frem til en våt, trist, mørk, ufyselig og kald høst. Alle Varhaugbuer m/flere venter nok spent på den 3dje utgaven av lokalavisen vår - og dere venter aldri forgjeves....

På grunn av skolegang, interesser osv. har det vært litt utskiftninger i redaksjonen, men det betyr ikke at kvaliteten reduseres. Tvert om. Vi har "headhuntet" Joakim Jeramiassen til den nye redaktør-stillingen, noe som vi er veldig godt fornøyde med.

Jeg har begynt på skole i Oslo og sitter derfor i skrivende stund i mitt "lille" krypinn her i Holmekollåsen. Må si jeg savner Varhaug litt. Ellers vil jeg oppfordre folk som har lokalstoff til å kontakte Joakim eller andre i redaksjonen. Tips som blir brukt, blir belønnet med 2 stk flax-lodd. STÅ PÅ.

Til slutt vil jeg ønske Joakim med LYKKE TIL.

Hilsen Oslo
Roy Henning

STATOIL

STATOIL SERVICE, VARHAUG
4360 Varhaug
Tlf. 51 43 03 15

HÅ RØR A/S
AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA
4360 VARHAUG

ODLAND A/S
4360 Varhaug
Tlf. 51 43 09 59
Forskaling og støyping - Betong- og trearbeid
Salg og montering av element - Armering - Tegning

## Ny leiar i Varhaug BU

# Hanne Elise gir klubben videre

Eg er blitt forespurdt om å filosofere litt over tida mi ved "roret" i Varhaug Bygdeungdomslaget. Etter ei slik henvending er det ikkje alltid like lett å hugse alt som har hendt. Det heile ender opp med nokre hovedlinjer.

### Snu positive haldninger

Personlig må eg seia at eg har lært ein heil del om bygda (lokalsamfunnet), kommunen og ungdommen i bygda. Å få vera med på utviklingsprosessen som laget har vore og er i, vil eg seia er eit privilegium. Det er mange ungdommer som veit kva dei vil og som er handlekraftige på Varhaug. Mange bygdeungdommer har vore med på å snu ei passiv haldning når det gjeld å engasjere seg i lokalsamfunnet. No byrjar resultata å syna att. Eg spør berre: Finnes det noko meir motiverande for dei som har bidrege og arbeidd for dette i nokre år?

Stor hunnør og raude roser er det mange medlemmer som fortener. Utan aktive medlemmer hadde neppe Varhaug BU greidd å realisere veksten, som me ein gang drøymde om. Eg håper at mange med meg tykkjer at det er usedvanlig moro å vera med i bygdeungdomslaget. Å skape trivsel, bli kjende med mange nye menneske, samt kjensla av å verkelig få til noko, er vel i bunn og grunn det som driv oss i dette arbeidet. Midt oppe i dette står egenutvikling som det heilt sentrale.



*Hanne Elise gir klubben videre til Roy Arnfinn Haaland*

### Nokon feilskjær

I løpet av dei siste åra har lokallaget og hatt eit par feilskjær. Det er viktig å kunna innrømme feil, lytte og ta lærdom av desse. På denne måten vert laget stadig betre og ein kjem eit "steg" vidare i retning av ei positiv utvikling. Heftige diskusjoner, god kommunikasjon, lytting, ta ansvar, nye idear og kontinuitet i styret er alle viktige element som må vera til stades når ein skal gjennom ein utviklingsprosess. At det nye styret har slike evner er eg ikkje tvil om. Eg er sikker på at Varhaug Bygdeungdomslag har mykje å bidra med for og i bygda i framtida. Ungdom som tek på seg ansvar mangler det ikkje på. Varhaug BU saman med 4H er to ungdomsorganisasjoner som står utan "fast tak over hovudet". Det er ikkje tvil om at dettte legg ein viss dempar på aktiviteten.

### Takker Elgane

Eg vil med dette nytta høve til å rose spesielt Elgane Speedway for imøtekomande og godt samarbeid.

Til slutt vil eg takke for meg, og ynskje det nye leiaren Roy Arnfinn Haaland og styret lykke til vidare!

Tommelen opp - for Bygdeungdomslag

Heilt til slutt; eit lite dikt som eg har lånt fra BU-feller i Høyland. Tygg litt på dette - så hugsar du det lengre!!!

*Pessimister er dog*
*de reneste tåber.*
*Det tror på det modsatte*
*of hvad det håper.*

*Men - de optimismer*
*som livet beror på*
*er dem som tør håpe*
*på noget de tror på.*

Helsing Hanne Elise

HRD

HÅ REGNSKAP OG DATA A/S
Rådhusgt. 2, Boks 104, 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 04 77 - Fax 51 43 02 28
Mobil 94 67 27 76

N·A·R·F
Norske Autoriserte Regnskapsførers Forening
Medlem

**Regnskap - Lønn - Årsoppgjør**

Daglig leder
Rune Odland

Privat: Kråkev. 12, 4360 Varhaug - Tlf (04) 43 06 20

# Styret i Varhaug BU

Varhaug BU har fått nytt styre. På årsmøtet 25. august vart det valgt inn nokon nye fjes samt nokon drevne kvarver vart gjenvalgt.

Varhaug BUEN har tatt seg en runde i det nye styret og spørt kva dei driv på med og kva mål dei har med det mye tillitsvervet i Varhaug BU.

## Leder

Navn: Roy Arnfinn Haaland
Alder: 23 1/2 år
Tidsfordriv: Swing & dill !
Mål med
styrevervet: Fortsetta å halda sama trykket i laget så me he hatt, + litt te !

## Kasserer

Navn: Lennart Tjensvoll
Alder: 16 år
Tidsfordriv: Volleyball og andre favoritter.
Mål med
styrevervet: Hva er styrevervet?

## Sekretær

Navn: Oddny Varhaug
Alder: 20 år
Tidsfordriv: Slappa av med venner
Mål med
styrevervet: Sosialt samvær og lærerikt.

## Innetevling

Navn: Hege Kvia
Alder: 17 år, 7 mnd.
Tidsfordriv: Ri på hesten min og slappa av.
Mål med
styrevervet: ???

## Utetevling

Navn: Vidar Tjemsland
Alder: 20 år
Tidsfordriv: Tennis, Boxing
Mål med
styrevervet: Organisere nemda mi på ein god og skikkeleg måte

## Nestleder

Navn: Jon Lea
Alder: 19 år + pant
Tidsfordriv: Jakt, fikse & VBU
Mål med
styrevervet: Hjelpe til i BU

## Leikleder

Navn: Liv Skrettingland
Alder: Snart 17 år
Tidsfordriv: Vær mæ Hege
Mål med
styrevervet: Ha noge å driva tiå mæ.



*Bak fra venstre: Vidar Tjemsland (Utetevling), Oddny Varhaug (Sekretær), Jon Lea (Nestleier), Hege Kvia (Innetevling) og Liv Skrettingland (Leikleiar). Foran fra venstre: Kari Olen Haaland (Amatørleiar), Stein Arve Bore (verveansvarleg), Elisebeth Haaland (Veteran) og Lennart Tjensvoll (Kasserer). Utenom dette har vi: Roy Arnfinn Haaland (Leiar), Joakim Jeramiassen (Redaktør) og Hanne-Elise Undheim (Styremedlem)*

JÆREN AUTO AS
Import og salg av Biler og Bildeler - Bilverksted - Bilrekvisita
4360 VARHAUG · Tlf. (04) 43 04 22 - Telefax (04) 43 07 73

Varhaug Handelslag

fortsettelse av styrepresentasjonen:

### Verveansvarlig

Navn: Stein Arve Bore
Alder: 28 år
Tidsfordriv: Musikk & kamerater
Mål med styrevervet: Sosialt og lærerikt

### Styremedlem

Navn: Hanne Elise Undheim
Alder: 26 år
Tidsfordriv: Ut i naturen
Mål med styrevervet: Være med å hjelpe til i BU.

### Redaktør

Navn: Joakim Jeremiassen
Alder: 18 år
Tidsfordriv: BU & Barneidrett
Mål med styrevervet: Føre "Varhaug Buen" videre

### Amatørleiar

Navn: Kari Olen Håland
Alder: 18 år
Tidsfordriv: Kose meg i lag med venner
Mål med styrevervet: God plassering i amatørmønstrin, utvikle godt fellesskap, og stille opp på arrangement

NBU

# Slagplanen er i boks

***Varhaug BU har hatt sin årlige lokallagskonferanse hvor slagplanen for årets aktiviteter er lagt. Aktivitetsnivået blir like stort som forrige år; hvor visse aktiviteter blir ført videre, noen legges på is og nye kommer i tillegg.***



*Elisebeth Haaland holder god kontroll over alle forslag som kom frem under "Brain-storm"-en*

Helgen 23-25 september samlet nesten hele de nye styret i Varhaug BU seg til en helg hvor de skulle diskutere hva de vil gjøre det kommende året. Slagplanen skulle lages.

Dette året havnet vi i et hus som Jæren Jakt og Fiskelag åtte på Ueland i Ogna. Helgen ble tilbringet sammen med Nærbø BU, som også hadde samme ærend som me; Strategi-planlegging.

Fredagskvelden startet vi rolig. Gjengen måtte få bli litt kjende med kvarandre. Sosialt samvær.

Lørdagsmorgen var det frokost og deretter gikk vi rett på sak.

Me hadde en kort gjennomgang av styreverva og fortalte litt om haustkurset til RBU. Et kurs alle nye styremedlemmer bør ha med seg.

#### "Brain-storm"

Deretter ble det "Brain-storm". Alle tenkelige og utenkelige aktiviteter som me vil arrangere dette året ble kastet fram. 3 stappfulle sider.

HÅBYGG a.s

Dublandsveien 37, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 11 55 * Telefax 51 43 10 87

Esso

Varhaug Servicenter
Øvestad og Gya
Tlf. 51 43 02 33
4360 Varhaug

# Lokallagskonferanse



*En rolig og avballansert gjeng under planleggingen. F.v. Lennart Tjensvoll, Vidar Tjemsland, Liv Skrettingland og Hege Kvia*

Så begynte jobben med å sortere ut kva me ville satse på å gjøre i løpet av året. Av arrangement endte me opp med bl.a. tevlinger, aksjonsveke, innebandy og innebandyturnering, køllefest, barneparkering, rockemønstring og BU-drøs. (På siste side i Varhaug BUEN vil du finne mer aktiviteter, samt tidspunkt).

I tillegg til dette ble det opprettet en gruppe som vil sjå inn på muligheten til å arrangere Sommerstemne på Varhaug.

### Høyt ambisjonsnivå

Me vil satse på mange aktiviteter og høyt ambisjonsnivå, og me har som mål å klare gjennomføre alt me har satt opp.

Utpå kvelden, etter at middagen hadde seget litt, hadde me sosialt samvær med Nærbø BU.

Søndagen ble den store rydde-dagen.

Slagplanen er lagt for i år. Det gikk bra i fjor, og me satser på det samme i år også.



*Trond Lode fra Nærbø BU stod for god underholdning. Her fremfører han et bit fra forestillingen om Torvald Tu*


**Sentrum salongen**

DAMEFRISØR
HERREFRISØR
ORIG.WOLFF SOLARIUM

Møllevegen 13 Telefon: 43 11 02

Vi leverer alt av:

**Spesialmørtel og epoxy**

som f. eks. * Hurtigherdede limmørtel * Eksapandrede mørtel * Hurtigmørtel * Flisemørtel * Flikk-mørtel * Reparasjonsmørtel * Lim (til tre/gulv/vegg) tapet * Nortell slammasse * Hurtigherdede sparkelmasse * Selvutgjevnede avrettermasse * Undervannsmasse * Epoxy * Tilsetningsstoff

**Alt hva du trenger av spesialstoffer får du hos oss.**

**Du når oss på tlf. 51 43 02 10 mob. 94 67 27 15**
**Personsøker 096 87 066**

**R RESCON AS**
AVD. ROGALAND
DUBLANDSVN. 4360 VARHAUG


## BU-Drøs

Siste søndag i hver måned vi Varhaug BU prøve å arrangere BU-drøs på Fritidsklubben på Varhaug (Kjelleren på Idrettshuset). Her vil vi prøve å lage til litt ekstra kos, samt enkelte aktiviteter.
BU-drøsen er **kun** åpen for BU-medlemmer, og BU-er fra andre lokallag er hjertelig velkomne.
Første "DRØS" blir 30 Oktober.
Møt opp!

Arr: Varhaug BU

## Fylkesleir på Orre

# Varhaug BU på sommersprell

**Varhaug BU stilte mansterkt opp på årete fylkesleir på Orre i sommer. Vi tilbrakte en hel helg sammen med likesinnede i mye "lått og løye". Orre BU var arrangør av "Sommersprellen", som de valgt å kalle arrangementet og det var lagt opp til et skikkelig opplegg over heile helgen.**

I Orreparken var det rigget til den beste saloonen med swingdør og det hele. Da enkelte kom ridende på hest til leiren iført fullt cowboy-utstyr ble det skapt den rene western-stemningen over leiren. Det ble heller ikke spart på kuller og krutt.

Dagene gikk med på forskjellige arrangement: Volleyball- og fotballturnering, kunnskapskonkurranse, sykkelstabling og en del RBU mesterskap (bl.a. i swing).



*Bilder fra sykkel-stablingskonkurransen: Første forsøk, ..... Andre forsøk, ..... Tredje ... men nei. Det endte med knall og fall. Orre derimot klarte det litt bedre. Her med hele 6 personer.*



*Her har vi en av rytterene på Sommersprellen: Jostein Waage (Høyland BU)*

NBU

BESPEDAL BLIKK
4360 VARHAUG TLF: 51 43 07 17

# Fylkesleir på Orre




*Hanne Elise Undheim og Roy Arnfinn Haaland gjorde det bra i Swing-konkurransen*

## Sykkelstabling

I sykkelstablingskonkurransen hadde vi en hel del knall og fall. I et forsøk på å stable 5 stykker på en sykkel endte med full steil på sykkelen og et par litt vonde rygger. Orre BU klarte derimot å stable 5 stykker på sykkelen og sykle 10 meter. Totalt litt over 500 kg. Etter at 4-5 lag hadde prøvd seg tok sykkelen kveld og konkurransen måtte avsluttes. Konklusjon: Sykler er ikke laget for å tåle 1/2 tonn.

## Varhaug vann fotballen

I fotballturneringen gikk det derimot den andre vegen for Varhaug. Etter at vi var ubeseiret i de innledende rundene møtte vi Orre i finalen. Heller ikke Orre klarte å stoppe oss så vi stakk av med den gjeveste premien her.

Roy Arnfinn og Hanne Elise nådde helt frem til finalen i RBU-mesterskapet i swing.

## Det gjelder om å delta

Varhaug BU deltok i de meste arrangementene og gjorde en god profil. Med mottoet "det gjelder om å delta" greide Varhaug-gjengen å leva opp til under leiren. **"UT PÅ TUR - ALDRI SUR!"**

Vi hadde en kjempe weekend



*Han er ikke lett å kjenne igjen; Roy Arnfinn Haaland. Med dette kostymet manglet han ikke oppmerksomheten*



*Her har vi fotballgutta som gjorde reint bord i fotballkonkurransen. f.v. Magnus Varhaug, Erik Varhaug, Odd Arild Varhaug, Roy Arnfinn Haaland, Anbjørn Ueland, Hans Ånestad og forran har vi keeper Stein Arve Bore*



# Wanted

**Redaksjonen i Varhaug Buen er på jakt etter mer stoff. Dette trender ikke være relatert til BU eller 4H. Det kan rett og slett være noe som du ønsker å spre til innbyggerene i Varhaug. Vi tar imot alt med takk.**

**Send stoffet til:**

**Joakim Jeramiasen**
**Svaneveien 36**
**4360 Varhaug**

Landsleir i Østfold

# 21 Varhaug BU'ar på Landstemnet i Østfold

*Varhaug BU var godt representerte i Rogalandsleiren, som totalt var på ca. 220 stk, på Landstemnet i Juli. Rogalangsgjengen hadde fått eit passeleg stortnok område denne gongen, og me hadde ein sentral plass i leirområdet. Kort veg å spasere til; tevlings- og idrettsareala, toalett, dusj, butikk, kafeteriaen og stemnehallane.*



*Jone Wig, Roy Arnfinn Haaland og Kristen Helland gjorde en bra opptreden på amatørkvelden*

At Varhaug-gjengen kosa seg blandt andre BU'ara fra heile landet, vankar det ingen tvil om. Latter, smil, sang og "skrål" frå tidleg morgen til langt uti sommernettene - ei heil veke.

## Sonja Skritting

Sonja Skrettingland var ei av dei som deltok på tevlingane frå lokallaget. Ho var keeper på jentelaget i fotball til Rogaland. Jentene vant turneringa. Flott prestasjon! Sonja stod dessutan for ei særdeles god underhaldning på sjølve banen. Jenta deltok ellers på eit blanda Rogalandslag i tevlinga "grønt og grovt" for juniorer. Her blei 3-mannslaget belønna med ein fin-fin 3. plass. Konklusjon: GLIMRANDE - SONJA!

## Roy Arnfinn

Roy Arnfinn Haaland måtte steppe inn for Trond Lode (Nærbø) under amatørkvelden. Dette då Trond hadde øydelagt sangstemmen sin. Roy Arnfinn er jo som mange veit ein "sangfugl", slik at denne jobben utførte han med stil og glans. Rogalandsinnslaget var meget populært, og hausta derfor stor applaus/ jubel frå tilskuarane på "amatør-revyen".

Konklusjon: PRIM(a) - ROY ARNFINN!

## Varhaug BUar viser igjen

Roy Arnfinn, Elisebeth, Finn Løge, Jon med gleire utførte eit glimrande arbeid i aktivitetskomiteen under stemnet. Komiteen kan ikkje RBU og andre få rosa nok. Dei bidrog sterkt til at det nettopp var så trivelig å vera rogalending på leir dette årte!

Konklusjon: HELMAKS!!

## Vi sees på Helgøy neste år

Etter ei så gild veke, er det meir som eit antiklimaks å starta på heimturen. Me får leva på minnene frå dette stemnet til neste sommar. Då skal landsstemnet vera på "Helgøya", som ligg midt uti i Mjøsa i Hedmark.

Konklusjon: Ein landsleir kan ikkje beskrivast, dem må opplevast!!!





Voll S*larium

Damev. 1, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 02 02

## Leiar-innlegg



Ja, så var sommaren over atter ein gong, håper alle har hatt ein fin ferie.

Styret er nå nå i full gang med planlegging av haustfesten, men ein god del gjennstår før den tid. Først skal det være innlevering av bøkene 10. og 11. oktober, så kjem utstillinga 27. oktober og haustfesten dagen derpå. Då er alle hjertelig velkomne. Årsmøtet skal me ha den 8. november, minner med det same om at saker må vere styret i hende i god tid. Eg vil og oppfordre alle til å være positive og sei "ja" når du vert spurd om å gjera ein ekstra innsats. Enten det er små enkeltoppgåver eller det er styreverv og liknande.

Sveinung.

# Fylkesleir

30. juni til 3. juli var det fylkesleir i gjesdal. Det var 2 stk frå Svala som reiste Asgeir og Sveinung. Me kom opp på fredagen i kveldinga. Etter at teltene var oppslegne var det rett på underhaldningskurs med sketsjar og mykje "lått og løye". Då dette var slutt var det diskotek til seine nattetimar. Lørdagen var det aktivitetar, me hadde valgt vannscooter. Det var ein kald, men herleg følelse....., når du først kom deg oppå scooteren og fekk balansen.

Søndagen var det volleyballkampar, Svala kunne desverre ikkje stille lag men fekk vere med på eit mixa. Etter kampane var det utdeling av pokalar og diplomar.

Når alt var pakka og rydda var det å reisa heim og kvile ut. Jeg oppfordrer alle til å reise på fylkesleiren til neste år!

Sveinung

# Besøk hjå medlemmar

Tidlegare år var det vanleg at det kom folk rundt og såg på oppgåvene til medlemmene. Denne tradisjonen har lege nede nokon år. Dette året vart det bestemt at dette skulle innførast igjen.

Så laurdag 20. august kom Torun Nedrebø som arbeider i fylket til Varhaug for å sjå på oppgåvene. Dei som skulle få besøk var dei med dyreoppgaver.

Me starta i 12.00- tida med å kjøre rundt, det var ca 30 medlemmer som skulle få besøk, men det var eindel som ikkje var heime. Det var mange fine oppgaver å sjå, så det er tydeleg å sjå at medlemane arbeider hardt for å nå sine mål.

Me reknar med å nå ein tilsvarande runde neste år, då kansje me besøker ei anna oppgavegruppe.

Lukke til vidare med oppgavene!

Innlevering av bøkene 11. og 12. oktober på internatet:

Mandagen- 17.15-18.00

Tysdagen- 19.00-20.00

Sveinung

Liljekonvallen
Stasjonsveien 14 - 4360 Varhaug
Telefon 51 43 12 72

- en god kontakt på Jæren
Aanestad Elektro a/s
Sentralbord 51 43 75 33 - 43 62
Vigrestad

Støtt våre annonsører

Dei støtter oss

**Presentasjon av 4H oppgave:**

# Friluftsliv

av Solveig Flåten



Hei!

Dette året har eg valt friluftsliv. Eg valde den oppgåva fordi eg ville læra litt om naturen og fordi eg ville ha litt forandring i oppgåvene. For tidlegare år har eg bare hatt baking og handarbeid.

Denne oppgåva går ut på læra om naturen, læra å planleggja turer, læra om friluftslivet, læra om kva mat du treng å ha med deg på dei forskjellige turane. Du skal og læra å laga snøhule, gapahuk, pluss å laga bål. Nokre av dei turane du skal på er ein overnattingstur i telt, ein overnattingstur under open himmel, ein fottur langs sjøen, ein fottur i skogen og fjellet og ein kanotur.

I slutten av oktober er det haustfest og på utstillinga plar gruppa gå ilag, å laga ei utstilling ilag. Rett før plar dei gå i skogen for å finna forskjellige ting til å ha på utstillinga. Friluftslivutstillingane er ganske spesielle i forhold til dei andre utstillingane, for det er så mykje fint i frå naturen.

I boka må du skriva referat frå kvar tur, å du må skriva arbeidsplan og budsjett.

Solveig.

SR-BANK

Best når det gjelder!

# Landsleir-94 I Søgne

Vi var to gutter frå Svala 4H som reiste til Søgne i Kristiansand, Sveinung Haaland og Åsgeir Aarsland. Rogaland var det største fylke som reiste til Søgne, med heile 150 medlemmer.

Kl. 10.00 den 20.07. Kom Sveinung og henta Åsgeir med bil, Vi var klar til å reise på landsleir kl.12.10 og var i godt humør da vi vinka farvel til Varhaug. Turen gjekk kjempe fint med musikk, sol, varme og «drøsing». Vi hadde ein middags rast på Utsikten. Då vi kom fram var klokka nærmare 16.00. Vi fant vårs tun og satte opp teltet. Om kvelden var det miljøtorg med diskotek. Det blei seint i seng, men neste dag var det opp klokka 07.00 og slik forsatte det resten av veka.

Søndag var det offisielle åpning med Per Inge Torkelsen.

Mandag, tirsdag og onsdag kunne ein velge eigen aktivitet, ein dag i Kristiansand Dyrepark og ein dag med båttur.

På torsdag var det kvalifisering for Volleyball, tautrekking og talentiaden pluss at vi i Rogaland tok leirbilete, vi medlemmer frå Rogaland hadde caps og ei T-skjorte der det stod:

Fjåg 4H-er frå Rogaland

Kan utsetjast for:
-Sol
-vind
-Ein god klem

Må handsamast varsamt,
men tåler vatn

Fredag var det finaler og aktivitets løypa. Om kvelden var det avslutning og utdeling av premier.

Det var eit par kvelder med «LIVE» på scenen og kiosken var også åpen jamt og trygt. Inni mellom var det også tid til baking, eting og gutter/jenter.

Lørdag var det pakking, rydding og heimreisa.

Det var ein kjempe kjekk landsleir, bare synd at det er så få fra Svala som var med.

Så kom og bli med på Nordisk leir til Danmark neste år det blir sikkert like kjekt!

Åsgeir.

## SWING OG UNDERHALDNING-SKURS PÅ VIGRE SKULE 9-11/9-94

Me kom til Vigre skule i rundt 18.00 tida. Me pakka ut pumpa opp luftmadrassane, og bretta ut soveposane. Da me var ferdige med det, fekk me kveldsmat og så begynte me å dansa swing litt etterpå.

Det vart ein sein kveld. Laurdagen starta opp tidlegt med frukost. Så etterpå hadde me eit underhaldningskurs.

Dernest var det middag etter det dansa me swing igjen.

Om kvelden hadde me sosialt samvær. Sundagen var det heimreis. Dette var ei kjempegild helg. Men me tytte det var litt for lite folk frå Varhaug!

Asa og Anita

Bohus
STUELAND

tlf. 51 43 00 77





MURRAY 21711. 5 HK B&S Qantum motor, selvgående med klippebredde på 53 cm og oppsamler på hele 86 liter.



MURRAY 25515. 5 HK B&S motor, 63 cm klippebr. og sideutkast, 3 gear forover og revers pendlende foraksel



MURRAY 20201. 3,5 HK B&S motor, skyvemodell, 51 cm klippebredde/sideutkast.



MURRAY 31720. 12 HK B&S motor. 76 cm klippebredde og sideutkast. Oppsamler er ekstrautstyr.

EIK LANDBRUK SENTER

Postboks 53, 4360 Varhaug. Tlf. 51 43 08 23

**Haustfest i 4H**

# Årets høgdepunkt for Svala 4H

Fredag den 28 oktober varte det HAUSTFEST I SVALA 4H igjen. Festen er selvfølgeleg på [illegible] begynner klokka 19.00.

Her er nokon av alt det me skal ha:

-tale
-servering
-underholdning
-utlodning

Og sist men ikkje minst, dette er jo den kvelden der alle medlemmane skal visa kva dei har gjort i løpet av året!

Utstillinga er og open på torsdagskvelden.

Alle som har lyst til å koma er hjerteleg velkomne!!

Bilder fra fjorårets haustfest:












# "Venn med dyra"- dag

## -på Kvia 4H-Garden

Sandag 25. september skal Rogaland 4H arrangere aktivitetsdag på Kviagarden.

Tema for dagen er det same som temaåret, Venn med dyra.

Alle 4H-arane i fylket er særskildt innbedne, men selvfølgeleg er alle hjerteleg velkomne.

Det vil verta fokusert på dyra på garden. Og me vil visa nokre oppgaver som har med dyr å gjere. me vil og presentere 4H generelt, vise mangfaldet i organisasjonen.

Det vil verta salg av kaffe, brus, lapper, pølser og risgraut.

Pris: 25,- for vaksne, 4H-arar kjem gratis inn.

Alle velkomne!

## Fellessamling i Grødalandsskogen

Tirsdag den 23. august var det fellessamling for alle 4H-ara i Svala 4H.

Me var heldige mæ veret; klar himmel og vindstillt (utrulig nok) så derfor var dæ glimrande for dei som var så sportslige å sykla ned.

Ca klokka 19.00 var alle samla i skogen. Det var godt frammmøte både frå aspirantane og juniorane. Verre var det med seniorane, men.. men...

Annlaug og Magnar sette opp grillen mens me fant på diverse aktiviteter, volleyball og sangleker. Noken satt bare og drøste.

Så var endeleg grillen klar og alle heiv innpå med mat, og koste sæg.

Åsgeir hadde au fått tid te å laga ei glimrande aktivitetsløypa og etter den fekk me desse resultatá:

1.plass asp.Tor Jarle Ueland
1.plass jun.Atle Skeie
1.plass sen.Anne Mette Bjelland

Alle vant kvær si T-skjorta.Me vart færige litt seinare enn planlagt,men dæ gjorde ingenting så lenge me hadde dæ så kvess!

Torunn

**Elektriker Arbeid Utføres**

**Kvalitet til riktig pris og hurtig service**

- Husinstallasjon
- Varmekabelanlegg
- Alt i industri
- Svakstromsanlegg
- Brannalarm
- Tyverialarm
- Dataanlegg
- Vedlikehold
- Prov. anlegg
- Planlegging

Telefon: 51 43 33 61 - 51 43 30 11
Vakttelefon: 94 67 46 76

Installasjonsavdelingen

**Handelslaget på Nærbø**
Det koseligste handelsted på Jæren
Nærbø Handelsslag, 4350 Nærbø

Betre å eiga enn å leiga



Husbankfinansiert, med livsløpstandard.
Kontakt:
BYGGMESTER
**Jon Harald Håland**
Kydlandsv. 6, 4360 Varhaug, mob.tlf. 94 67 66 48
Tlf. 51 43 07 70 – (priv.) 51 43 05 03.

-fagkunnskap gir trygghet.

# Grilling på Elgane under VM

På Elgane Speedway bane har Varhaug BU fått lånt gratis lokaller i fleire år. Me har hatt ein muntleg avtale med speedwayen som går ut på at VBU hjelper Elgane Speedway klubb når dei treng hjelp.

Som sikkert adle veit, har Elgane Speedway hatt junior VM i speedway. Så då trong dei hjelp, og det fekk dei. Frå fredag den 5/8 til og med søndag 7/8 var me grillvakter. Me grilla på store griller så me var 3 stk på kver grill. På fredagen sto me frå 18.00 til 01.00, lørdag frå 12.00 til 01.00 og på søndagen var det ifrå 11.00 til 18.00. Desse tidene blei delt opp i etapper, slik at me fekk vaktskifte og skifte av antall griller.

Roy Otto som var leder for heile arrangementet var godt fornøyd vårt arbeid og me i Varhaug BU syntes det var bare gildt å stille opp.

Jon Lea



*Magnus Varhaug, Johan Omland og Sverre Varhaug gjorde en god jobb som grill-mesterer*



*Kari Olen Haaland har ingen problem med å styre grillen*






SI.BYGG A/S
Skretting &
Ingebrethsen
RÅDHUSGT. 2 4360 VARHAUG
TLF/FAX: 51430495 MOBIL: 9467919
Tradisjon i solid håndverk

**Vi utfører alt i betongarbeid**
**Hos oss er kvalitet høyere enn prisen**

A/S JÆRENTREPENØR
4360 Varhaug
Tlf. 51 43 06 44

**Stoffrist: 5. November 1994**
Til nr. 4
Bladet kjem ut uke 48


**Varhaug Buen**
Medlemsblad utgitt av Varhaug Bygdeungdomslag og Svala 4H

Opplag: 1300

**I redaksjonen:**
Redaktør:
Joakim Jeramiassen
Tlf.: 51 43 07 93

**Medarbeidere:**
Anbjørn Ueland
Tlf.: 51 62 97 20

Odd Arild Varhaug
Tlf.: 51 43 06 02

**Fra 4H:**
Torunn Follerås
Tlf: 51 43 09 52

Hege Kvia
Tlf.: 51 43 07 00

**Fotograf:**
Rolf Wathne
Tlf.: 51 43 04 80


# What's up

**Oktober**
7-9 Haustkurs, Haugesund
12 Styremøte, VBU
14 Smådisco, 4-6 klasse, Elgane
22 FM i pløying
22 FM i spekemat, lag
30 BU-drøs, Fritidsklubben

**November**
31-6 Aksjonsveke
2 Kvinner & Bil, Esso
3 Utetevling
3 Landhockey-trening
4 Smådisco, 4-5 klasse, Elgane
5 Fløtekake-tevling
5 Amatør-underholdning
5 "Nei til EU"-stand
6 Landhockey-trening
9 Styremøte, VBU
10 Dommerkonferanse
19-20 Lederskapskurs, Gjensidige
25 Smådisco, 4-6 klasse, Elgane
26 FM i 4-kamp Finnøy
26 FM i smørbrød
27 BU-drøs, Fritidsklubben

**Desember**
9 Smådisco, 4-6 klasse, Elgane
14 Styremøte, VBU
17 Barneparkering, Mega Varhaug

**Januar**
11 Styremøte, VBU
13 Smådisco, 4-6 klasse, Elgane
14 Styrekalas
28 FM i ku, sau, gris og sau lag
28 FM i osteanretning
29 BU-drøs, Fritidsklubben

**Februar**
3 Smådisco, 4-6 klasse, Elgane
4 Årsfest RBU, Varhaug
8-9 FM i Maskinmjølking
15 Styremøte, VBU
18-19 Årsmøte RBU, Sola
24 Smådisco, 4-6 klasse, Elgane
26 BU-drøs, Fritidsklubben

**Mars**
4 Innebandyturnering
4 Køllefest
12 Skitur
15 Styremøte, VBU
17 Smådisco, 4-6 klasse, Elgane
26 BU-drøs, Fritidsklubben

**April**
19 Styremøte, VBU
21 Smådisco, 4-6 klasse, Elgane
23 Natursti - Sveineskogen
30 BU-drøs, Fritidsklubben

**Mai**
10 Styremøte, VBU
12 Smådisco, 4-6 klasse, Elgane
17 Rockemønstring
28 BU-drøs, Fritidsklubben

**Juni**
3-4 Sykkeltur

*Vi tar forbehold på visse endringer i datoene, da dette er første utkast.*


LIV KARIN HÅRDESIGN, RÅDHUSGATA 3

Tlf. 51 43 10 18

Felleskjøpet

Avd. Varhaug
Tlf. 43 00 22